
Saksnr: 2020/54631-8
Saksbehandlar: Signe Rauboti

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.04.2021

Eigarstyring Bybanen AS - forslag om å redusere frå sju til seks aksjonærvalde styremedlemer

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune støttar å redusere talet aksjonærvalde styremedlemer i Bybanen AS frå sju til seks, i samband med at styret skal få ein ny medlem valt av og blant dei tilsette.
2. Vestland fylkeskommune støttar at vedtektene vert endra slik at det framgår kven som peikar ut dei ulike styremedlemene.
3. Vestland fylkeskommune sin eigarrepresentant røystar for desse endringane dersom dei vert føreslegne på selskapet si generalforsamling 29.04.21.

Samandrag

Dagleg leiar i Bybanen AS har informert fylkeskommunen om at dei tilsette i selskapet ønskjer å velje ein tilsettere representant, med vara, til styret. Dette har dei tilsette rett til å gjere, jf. aksjelova § 6-4. Med ein tilsettevald styremedlem vert talet styremedlemer auka frå sju til åtte.

Ut frå at selskapet ikkje nødvendigvis har behov for fleire styremedlemer, kjem styret i selskapet truleg til å føreslå ein reduksjon i aksjonærvalde styremedlemer frå sju til seks. Styret kjem truleg også til å føreslå at generalforsamlinga endrar og presiserer vedtektene, slik at det framgår kven som peikar ut dei ulike styremedlemene.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Styret i Bybanen AS skal ifølgje vedtektene § 7 veljast slik:

« Selskapets styre skal ha 7 medlemmer. Valgperioden settes slik at henholdsvis 4 og 3 styremedlemmer står på valg i ordinær generalforsamling annet hvert år. Etter generalforsamlingens ønske kan det velges inntil 2 varamedlemmer. Valgperioden er 1 år. Generalforsamlingen velger styrets leder og nestleder blant valgte styremedlemmer. Valgperioden er 1 år.»

Styret i Bybanen AS er i dag sammansatt slik:

Styresammansetning	<u>Styremedlemer:</u> Linn Cecilie Moholt (leiar) Astrid Sørensen (nestleiar) Akhtar Chaudhry (VLFK) Silja Ekeland Bjørkly (VLFK) Jørund Vandvik Øystein Skaar Emil Eike	<u>Varamedlemer:</u> Christian Haugen (VLFK) Rasmus Laupsa Rasmussen (VLFK)
---------------------------	---	---

Dagleg leiar har informert Vestland fylkeskommune om at dei tilsette ønskjer å velje ein tilsettereppresentant, med vara, til styret. Dette har dei tilsette rett til å gjere, jf. aksjelova § 6-4. Dei tilsette skal etter planen velje sin styremedlem 10.04.21.

Med ein tilsettevald styremedlem vert talet styremedlemer auka frå sju til åtte. Ut frå at selskapet ikkje nødvendigvis har behov for fleire styremedlemer, skal styret den 08.04.21 ta stilling om det skal gjennomførast ein reduksjon i aksjonærvalde styremedlemer frå sju til seks. Reduksjonen er isåfall tenkt gjennomført ved at generalforsamlinga i år berre vel to styremedlemer, og ikkje tre.

Av dei sju noverande styremedlemene er to utpeika av fylkestinget (Chaudhry og Bjørkly). Ingen av desse er på val i år. Dei fem andre er utpeika direkte av valkomiteen. Dette gjeld m.a. dei tre styremedlemene som er på val i år:

Jørund Vandvik
Øystein Skaar
Emil Eike

Styret skal 08.04.21 også handsame eit forslag frå dagleg leiar om å endre vedtektene § 7, slik at det framgår kven som peikar ut dei ulike styremedlemene. Forslaget ser i hovudtrekk slik ut:

- To styremedlemer med varamedlemer vert nominert av fylkeskommunen.
- Fire styremedlemer vert nominert av valkomiteen utan innstilling frå fylkeskommunen.
- Éin styremedlem vert vald av og blant dei tilsette.

Vedtakskompetanse

Fylkesutvalet tek avgjerd i alle andre saker der avgjerdsmynde ikkje ligg til anna organ, og der saka ikkje er av prinsipiell betydning for fylkeskommunen si verksemd, jf. reglement for fylkesutvalet punkt 2.1.7.

Vurderingar og verknader

Styret i Bybanen AS skulle etter planen ta stilling til ovannemnde i styremøte 25.03.21, men dette møtet vart utsett til 08.04.21. For at fylkeskommunen skal rekke å handsame spørsmålet politisk før den planlagde generalforsamlinga i selskapet den 29.04.21, legg fylkesrådmannen saka fram med atterhald om at dei endringane fylkeskommunen er førespegla av dagleg leiar, vert tilrådde av styret i det nemnde styremøtet.

På grunn av tidsaspektet har fylkesrådmannen heller ikkje hatt høve til å legge saka fram for hovudutvalet for samferdsel og mobilitet for innstilling derifrå.

Fylkesrådmannen tilrår at fylkesutvalet støttar at talet på aksjonærvalde styremedlemer vert redusert frå sju til seks. Ut frå selskapet sin storleik og verksemd verkar det ikkje nødvendig å auke det samla talet på styremedlemer frå sju til åtte.

Vidare tilrår fylkesrådmannen at fylkesutvalet støttar den førespegla endringa i vedtektene § 7. Forslaget frå dagleg leiar inneber m.a. å skriftleggjere det som til no har vore praksis, nemleg at fylkestinget peikar ut to styremedlemer. Realitetsendringa i framlegget er at éin styremedlem heretter skal veljast av og blant dei tilsette og at valkomitéen heretter berre skal peike ut fire, og ikkje fem, styremedlemer.

Økonomi: Ikkje relevant

Klima: Ikkje relevant

Folkehelse: Ikkje relevant

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi): Ikkje relevant

Konklusjon

Med atterhald om at styret i selskapet følgjer tilrådinga frå dagleg leiar i styremøtet 08.04, er fylkesrådmannen si tilråding at fylkeskommunen støttar dei aktuelle endringane.